



## Notat

Vår referanse  
19/16731 20/16707

Dykkar referanse

Sakshandsamar  
Kari Riise

Dato  
23.11.2020

### Arbeidsmiljøutvalet 13.11.2020

#### Uttale til budsjett og økonomiplan 2021-2024

Arbeidsmiljøutvalet har hatt møte fredag 13.november 2020 og har følgjande uttale til økonomiplanen. Arbeidsmiljøutvalet ber om at dette vedtaket fyl saka vidare.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har i møte 13.11.2020 fått presentert administrasjonen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan 2021-2024. Arbeidsmiljøutvalet har fokus på arbeidsmiljø og arbeidshelse for dei tilsette og ynskjer å uttale følgjande til framlegget:

- AMU ser at det er lagt opp til stram drift i økonomiplanperioden. Utvalet merkar seg at det meste av fondet blir oppbrukt i perioden og at det blir behov for omstillingar/nedskjeringar. I ein slik situasjon er det positivt at kommunedirektøren foreslår auke av driftsrammer til helse og omsorg for å få eit meir realistisk budsjett.
- Endring i drift og organisasjonsstruktur er etter AMU sitt syn heilt naudsynt for å møte behova i åra som kjem når ein legg lånegjeld, forventta folketalsauke, og ikkje minst endringane i demografi til grunn. I denne omstillingsprosessen må det særleg takast omsyn til arbeidstakarane si helse og arbeidssituasjon. Alle tilsette i Ulstein kommune fortener honnør for å levere tenester av god kvalitet til låg kostnad. Med det vil vi signalisere at det ikkje er rom for å kutte meir i drift utan å slutte med oppgåver og endre organisasjonsstruktur.
- AMU ser det som positivt at barnehageprosjektet er med i økonomiplanen. Tiltak for å sikre arbeidsmiljø for dei tilsette og borna må vurderast uavhengig av val av bygg og tidspunkt for nybygg.
- Avviksmeldingar og avvikshandtering viser at fleire av våre tilsette er utsett for vald og truslar i arbeidsdagen sin. Dette må vi ha ressursar til å handtere, - både med tanke på førebygging, skulering, omorganisering tiltak som kan hjelpe. Det må vere aksept, - også økonomisk- for å gjennomføre naudsynte tiltak som så langt som råd sikrar ein trygg arbeidsdag for våre tilsette.

Med helsing

Kari Riise  
personalleiar

---

Ulstein kommune  
Postboks 143  
6067 Ulsteinvik

[www.ulstein.kommune.no](http://www.ulstein.kommune.no)  
[postmottak@ulstein.kommune.no](mailto:postmottak@ulstein.kommune.no)

Sentralbord: 70 01 75 00  
Org. nr: 964 979 456  
Kontonr: 3997.04.00153